

Prop. 14 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2024 under Kommunal- og distriktsdepartementet

*Tilråding frå Kommunal- og distriktsdepartementet 22. november 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i statsbudsjettet for 2024 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

portefølje av verkemiddel retta mot verksemder. Fylkeskommunane har òg moglegheit til å gi oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva for mobiliseringsarbeid.

2 Forslag til endringar

Programkategori 13.00 Administrasjon

Kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga blir foreslått auka med 5,9 mill. kroner som følgje av anslag på verknaden av lønnsoppgradering for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Kap. 553 Regional- og distriktsutvikling

Post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling

Løyvinga blir tildelt fylkeskommunane, som gir oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva for ein

Utviklingstilskot for Finnmark – endra innretning

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024 vart det oppretta eit nytt verkemiddel forvalta av Innovasjon Noreg: utviklingstilskot for Aust-Finnmark, jf. Prop. 104 S og Innst. 447 S (2023–2024). Verkemiddelet kjem i tillegg til eksisterande verkemiddel under posten, og er etterhalde Finnmark fylkeskommune til bruk i kommunane i Aust-Finnmark (Sør-Varanger, Vardø, Vadsø, Lebesby, Gamvik, Berlevåg, Tana, Nesseby, Båtsfjord). Verkemiddelet forvaltas av Innovasjon Noreg og inneber investeringstilskot til verksemder, med mål om verdiskaping, sysselsetting og utvikling av næringslivet lokalt og regionalt. Prosjekta si betyding for lokalsamfunna skal vektleggast. Det er krav til bedriftsøkonomisk lønnsemd, men ikkje til innovasjonshøgde. Andre føringer og retningslinjer for posten gjeld for verkemiddelet. Føremålet med det nye verkemiddelet var å adressere den vanskelege situasjonen i regionen.

I lys av nedgangen i fiskeria blir det no foreslått å utvide verkemiddelet til å gjelde i heile

Finnmark, med føremål om at verkemiddelet skal bidra til omstilling og utvikling i Aust-Finnmark og dei fiskeriavhengige kystkommunane.

Utviklingstilskot for Finnmark skal framleis forvaltast av Innovasjon Noreg og gi finansiering til investeringsprosjekt og bedriftsutviklingsprosjekt i regionen. Prosjekta si betydning for lokalsamfunna skal vektleggast, og det skal framleis vere krav til bedriftsøkonomisk lønsemrd, men ikkje til innovasjonshøgde.

Post 67 Utviklingstiltak i Andøy kommune

Målet med tilskotet er å bidra til fleire arbeidsplassar, utvikling og meir aktivitet i Andøy-samfunnet, gjennom til dømes tilrettelegging for næringsutvikling, kapitalverkemiddel til næringslivet, kompetanseutvikling og å bygge attraktive bu- og etableringsstadar for innbyggjarar og næringsliv.

Regjeringa varsla i Hurdalsplattforma at det skal oppretta eit fond for Andøy kommune på til saman 250 mill. kroner. Fondet skal ikkje føre til avkorting av andre tilskot til Andøy kommune, eller hindre at kommunen får andre midlar til næringsutvikling. I 2021 vart det løyva 100 mill. kroner i tilskot til utviklingstiltak (Andøy-fondet) til Andøy kommune.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 150 mill. kroner.

Kap. 554 Kompetansesenter for distriktsutvikling

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga blir foreslått auka med 0,7 mill. kroner som følgje av anslag på verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Programkategori 13.60 Samiske føremål

Kap. 563 Internasjonalt reindriftssenter

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga blir foreslått auka med 0,1 mill. kroner som følgje av anslag på verknaden av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Programkategori 13.70 Kommunesektoren mv.

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar

Post 60 Innbyggartilskot

Styrking av kommuneøkonomien

Då statsbudsjettet for 2025 vart lagt fram, varsla regjeringa at ein om kort tid ville kome attende til handteringa av den krevjande situasjonen i kommuneøkonomien inneverande år. Det blir no foreslått ei tilleggsøyving i rammetilskotet til kommunane på 4,3 mrd. kroner i 2024. Denne auken vil bli fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. For nærmere omtale, sjå Prop. 1 S Tillegg 1 (2024–2025).

Vaksinasjon mot covid-19

Det blir foreslått å løyve 191,4 mill. kroner til vaksinasjon mot covid-19 i kommunane. Løyvinga skal dekke kommunane sine kostnader til oppfriskingsdose til befolkninga 65 år og eldre og til risikogrupper. Midlane blir foreslått flytta frå kap. 710, post 23 på Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett. Midlane blir fordelt etter delkostnadsnøkkelen for kommunehelse i inntektssystemet for kommunane.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga med 4 491,4 mill. kroner.

Post 64 Skjønstilskot, kan overførast

Naturskade – tilføyning av stikkord

Fleire omfattande uvêr sommaren og hausten 2024 førte til skadar i mange kommunar og fylkeskommunar. Dei råka kommunane og fylkeskommunane har hatt, eller vil få, ekstraordinære utgifter til mellom anna krisehandtering, opprydding og reparasjon av kommunal og fylkeskommunal infrastruktur. Kommunar og fylkeskommunar som blir råka av naturskadar kan få skjønstilskot til ein delvis kompensasjon for utgiftene, gjennom kompensasjonsordninga etter naturskadar innanfor kap. 571, post 64 Skjønstilskot.

Kommunal- og distriktsdepartementet si ramme til tilbakehaldne skjønsmidlar (reservepotten) vart i samband med ekstremvêret «Hans» hausten 2023 auka med 1 700 mill. kroner, jf. Prop. 22 S (2023–2024) *Endringar i statsbudsjettet 2023 under Kommunal- og distriktsdepartementet* og Innst. 126 S (2023–2024). Etter utbetaling av kompensasjon til råka kommunar og fylkeskommunar i 2023 vart resterande midlar frå tilleggsøyvinga på om lag 1 133 mill. kroner over-

ført til 2024. I innstillinga til Prop. 104 S (2023–2024) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2024*, Innst. 447 S (2023–2024), vart det presisert at overførte midlar frå 2023 kunne nyttast til andre formål innanfor forvaltninga av skjønnstilskotet.

Det er framleis uvisse rundt kor store meirkostnader kommunane og fylkeskommunane vil få etter uvêr i år, og når kompensasjon vil kunne utbetalast. Regjeringa foreslår derfor at stikkordet «kan overførast» blir tilføydd kap. 571, post 64 Skjønnstilskot øg i 2024, slik at eventuelle ubrukte midlar kan overførast og utbetalast i 2025. Det vil på vanleg måte bli stilt krav om at kommunane og fylkeskommunane må rapportere på bruken av midlane i ettertid, og at eventuelle ubrukte midlar eller midlar som ikkje er brukte til formålet må betalast tilbake. Eventuelle ubrukte midlar ved slutten av budsjettåret 2025 skal tilbakeførast til statskassa.

Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar

Post 60 Innbyggartilskot

Då statsbudsjettet for 2025 vart lagt fram, varsla regjeringa at ein om kort tid ville kome attende til handteringa av den krevjande situasjonen i kommuneøkonomien inneverande år. Det blir no foreslått ei tilleggsloving i rammetilskotet til fylkeskommunane på 700 mill. kroner i 2024. Denne auken vil bli fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. For nærmare omtale, sjå Prop. 1 S Tillegg 1 (2024–2025).

Kap. 575 Ressurskrevjande tenester

Post 60 Toppfinansieringsordning, overslagsløyving

Ordninga skal legge til rette for at kommunane kan gi eit godt tenestetilbod til mottakarar som har krav på omfattande helse- og omsorgstenester. Toppfinansieringsordninga er ei overslagsløyving kor ein del av kommunane sine utgifter i 2023 vart refundert av staten i 2024. Kommunane har fått refundert 13 504,5 mill. kroner, som er 521 mill. kroner høgare enn vedtatt budsjett. Løyvinga blir derfor foreslått auka med 521 mill. kroner.

Kap. 577 Tilskot til dei politiske partier

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker utgifter for det offentlege til administrasjon av partilova, mellom anna utgifter

til drift av Partilovnemnda, Partirevisjonsutvalet, Partiportalen, Statsforvaltaren i Vestland, Statsforvaltarens fellesatenester og Partiregisteret som Brønnøysundregistrene forvaltar.

Det er venta eit mindreforbruk på om lag 2 mill. kroner i 2024. Årsaka er i hovudsak at utviklinga av ny partiportal er forseinka og først startar i 2025. Løyvinga blir foreslått redusert med 2 mill. kroner.

Kap. 578 Valdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker løn til dei tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter for Valdirektoratet.

Direktoratet sin prognose for året viser eit noko større forbruk enn vedtatt løyving. Årsaka er i hovudsak arbeid med tilpassingar til ny vallov og tilhøyrande forskrift, utgifter til å byte leverandør av tenester til nettsida val.no, omval i Moss kommune og folkeavstemming i Søgne og Songdalen. Løyvinga blir derfor foreslått auka med 2 mill. kroner.

Løyvinga blir foreslått auka med 1 mill. kroner som følgje av anslag på verknaden av lønnsoppgradering for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen fra Finansdepartementet.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Programkategori 13.80 Bustad, bumiljø og bygg

Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak

Post 70 Bustøtte, overslagsløyving

Bustøtta skal sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. Det er ein behovsprøvd rett for alle personar over 18 år, med unntak av dei fleste studentar og militære tenestepliktige. Løyvinga i 2024 er 4 329 mill. kroner.

For gjeldande løyving vart det lagt til grunn at i gjennomsnitt 100 000 husstandar vil få bustøtte kvar månad, at dei i snitt vil ta i mot 37 400 kroner i bustøtte i året, og at 25 mill. kroner vil bli utbetalt som følgje av klagar og etterbehandling. Det vart òg lagt til grunn til saman 564 mill. kroner i ekstraubetalingar som hjelpe til å dekke høge energiutgifter i januar til april 2024.

Utviklinga så langt tyder på at talet på bustøttemottakarar vil bli noko høgare enn venta. Det er primært talet på mottakarar med mellombels trygdeytingar eller svært låge inntekter som aukar. Gjennomsnittleg utbetaling blir derfor

noko høgare enn det som er lagt til grunn for gjeldande budsjett.

Det blir no anslått at 100 500 husstandar vil få bustøtte kvar månad i 2024, med ei gjennomsnittleg utbetalt bustøtte per husstand på om lag 37 800 kroner i året. I tillegg vart det utbetalt 570 mill. kroner som hjelpe til å dekke høge energiutgifter i januar–april. Anslaget for utbetalingar som følgje av klager og etterbehandlingar, er uendra.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 64,8 mill. kroner.

Kap. 585 Husleietvistutvalet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga blir foreslått auka med 0,8 mill. kroner som følgje av anslag på verknaden av lønnsoppgjert for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 587 Direktoratet for byggkvalitet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga blir foreslått auka med 2,5 mill. kroner som følgje av anslag på verknaden av lønnsoppgjert for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 2412 Husbanken

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker løn, husleige og andre faste utgifter til drift for Husbanken. Forsøket med overføring av oppgåver frå Husbanken til statsforvaltarane er avslutta frå 1. september 2024. I forsøksperioden september 2021 – september 2024 har statsforvaltarane rettleia kommunane i forsøksområdet på det bustadsosiale området. Midlane som vart tildelt statsforvaltarane for månadene september til desember 2024, blir no ført tilbake til Husbanken. Det blir foreslått å auke løyvinga med 5,6 mill. kroner.

Løyvinga blir foreslått auka med 7 mill. kroner som følgje av anslag på verknaden av lønnsoppgjert for 2024. Sjå nærmere omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga med 12,6 mill. kroner.

Post 90 Nye lån, overslagsløyving

Løyvinga dekker utbetaling av nye lån, i tillegg til berekna, opptente, ikkje betalte renter på lån frå Husbanken. Låneramma til Husbanken blir fordelt mellom startlån, lån til utelegebustader til vanskelegstilte, lån til bustadkvalitet og lån til studentbustader.

I samband med revidert budsjett for 2024 vart låneramma auka med 3 mrd. kroner, til 32 mrd. kroner. Det vart lagt til grunn at 18,5 mrd. kroner skulle gå til startlån og 13,5 mrd. kroner til andre lån, jf. Innst. 447 S (2023–2024).

Per 31. august har Husbanken gitt tilsegn for om lag 25,7 mrd. kroner, og det leggast til grunn at låneramma vil bli fullt utnytta. Etterspurnaden etter startlån er likevel lågare enn tidlegare lagt til grunn. Det blir no anslått at det vil bli gitt tilsegn om 17,3 mrd. kroner til startlån og 14,7 mrd. kroner til andre lån. Ettersom startlån i hovudsak blir utbetalt i tilsegnsåret medan andre lån har ein seinare utbetalingstakt, blir behovet for løyving redusert.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1 079 mill. kroner.

Kap. 5312 Husbanken

Post 90 Avdrag

Posten omfattar ordinære og ekstraordinære avdrag og andre innbetalingar, tilbakebetaling av opptente, ikkje betalte renter og tap. Prognosar for dei ordinære og ekstraordinære avdraga viser at desse vil bli lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. Løyvinga blir foreslått redusert med 1 158 mill. kroner.

Kap. 5615 Husbanken

Post 80 Renter

Posten omfattar betalte renter på lån, opptente ikkje betalte renter og rentestøtte. Husbanken tilbyr lån med flytande og faste renter. Løyvinga på posten er 7 009 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 109 mill. kroner, hovudsakeleg fordi den gjennomsnittlege renta i låneporteføljen til Husbanken har vore høgare enn renta som vart lagt til grunn i gjeldande budsjett.

Vidare leggast det no til grunn ein netto samla underkurs i 2024 på 100 mill. kroner. Når lantakarar med lågare fastrente enn renta i gjeldande tilbod avsluttar låneavtalen før den løper ut, opp-

står underkurs. Underkursen blir gjort om til frådrag på lånebeløpet, slik at restlånet blir redusert. Det vart ikkje tatt omsyn til underkurs ved budsjetteringa av gjeldande budsjett.

Programkategori 13.90 Planlegging, byutvikling og geodata

Kap. 595 Statens kartverk

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 21 og 45

Løyvinga dekker løn og driftsutgifter for Kartverket. Deler av utgiftene på posten blir finansiert av inntekter frå kap. 3595, post 02 Sal og abonnement og post 03 Samfinansiering.

Grunna auka aktivitet blir det foreslått å auke løyvinga med 23,2 mill. kroner. Auken er finansiert av auka inntekter under kap. 3595, postane 02 og 03.

I tillegg blir det foreslått å auke løyvinga med 50 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga under kap. 595, post 21. Sjå omtale under post 21.

Løyvinga blir foreslått auka med 15,4 mill. kroner som følgje av anslag på verknaden av lønnsoppgjerset for 2024. Sjå nærmere omtale i nysaldringsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga med 88,6 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 01 og 45

Løyvinga skal i hovudsak dekke tidsavgrensa prosjekt og tenester kjøpt frå private leverandørar. Deler av utgiftene på posten blir finansiert av inntekter frå kap. 3595, post 02 Sal og abonnement og post 03 Samfinansiering.

Grunna auka aktivitet blir det foreslått å auke løyvinga med 41,2 mill. kroner. Auken er finansiert av auka inntekter under kap. 3595, postane 02 og 03.

I dei årlege budsjetta leggast det til grunn ein føresetnad om kor mykje av Kartverkets oppgåveløysing, blant anna tiltak som er finansiert med eksterne inntekter, som vil utførast med

arbeidsinnsats frå Kartverket og førast som løn (post 01) og kor mykje som bli dekka av kjøp av varer og tenester (post 21). Kartverket har behov for noko fleksibilitet i løpet av budsjettåret. Løyvingane på dei to postane har derfor stikkordet «kan nyttast under». Ved behov for større endringar er det likevel vanleg å endre løyvingane i dei årlege revideringane av budsjetta, for å få ei meir realistisk budsjettering. Kartverket ser no at det i 2024 vil vere ein større del av oppgåveløysinga som vil bli gjennomførd i eigen regi og ført som løn enn det som er lagt til grunn i gjeldande budsjett. Det blir derfor foreslått å flytte 50 mill. kroner frå post 21 til post 01.

Samla blir det foreslått å redusere løyvinga med 8,8 mill. kroner.

Kap. 3595 Statens kartverk

Post 02 Sal og abonnement m.m.

På posten blir det ført inntekter frå ulike sal og abonnement i Kartverket. Inntektene er i hovudsak knytte til sal av posisjonstenester. Som følgje av auka inntekter frå sal og abonnement blir det foreslått å auke løyvinga med 24,5 mill. kroner.

Post 03 Samfinansiering

På posten blir det ført inntekter knytte til tidsavgrensa prosjekt som skal samfinansierast. Auka aktivitet i samfinansierte prosjekt som Kartverket leiar, gir meirinntekter og tilhøyrande utgifter for Kartverket. Det blir derfor forstått å auke løyvinga med 39,8 mill. kroner.

Kap. 5635 Electronic Chart Centre AS

Post 85 Utbytte

I saldert budsjett for 2024 vart det anslått eit utbytte frå Electronic Chart Centre (ECC) på 3 mill. kroner. På generalforsamlinga i juni 2024 vart det vedtatt eit utbytte på 2,4 mill. kroner, tilsvarende 95 pst. av overskotet for 2023. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 0,6 mill. kroner.

Kommunal- og distriktsdepartementet

t i l r å r :

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget
om endringar i statsbudsjettet 2024 under
Kommunal- og distriktsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Kommunal- og distriktsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under
Kommunal- og distriktsdepartementet**

I

I statsbudsjettet 2024 blir det gjort følgande endringar:

Utgifter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|---|---------------|
| 500 | | Kommunal- og distriktsdepartementet: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med | 5 926 000 |
| | | frå kr 296 275 000 til kr 302 201 000 | |
| 553 | | Regional- og distriktsutvikling: | |
| | 67 | Utviklingsstiltak i Andøy kommune, blir auka med | 150 000 000 |
| | | frå kr 20 000 000 til kr 170 000 000 | |
| 554 | | Kompetansesenter for distriktsutvikling: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med | 704 000 |
| | | frå kr 35 599 000 til kr 36 303 000 | |
| 563 | | Internasjonalt reindriftssenter: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med | 127 000 |
| | | frå kr 6 613 000 til kr 6 740 000 | |
| 571 | | Rammetilskot til kommunar: | |
| | 60 | Innbyggartilskot, blir auka med | 4 491 400 000 |
| | | frå kr 170 591 756 000 til kr 175 083 156 000 | |
| 572 | | Rammetilskot til fylkeskommunar: | |
| | 60 | Innbyggartilskot, blir auka med | 700 000 000 |
| | | frå kr 48 041 308 000 til kr 48 741 308 000 | |
| 575 | | Ressurskrevjande tenester: | |
| | 60 | Toppfinansieringsordning, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med | 521 006 000 |
| | | frå kr 12 983 505 000 til kr 13 504 511 000 | |
| 577 | | Tilskot til dei politiske parti: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir redusert med | 2 000 000 |
| | | frå kr 7 891 000 til kr 5 891 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|---|---------------|
| 578 | | Valdirektoratet: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med frå kr 61 265 000 til kr 64 220 000 | 2 955 000 |
| 581 | | Bustad- og bamiljøtiltak: | |
| | 70 | Bustøtte, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 4 329 246 000 til kr 4 394 000 000 | 64 754 000 |
| 585 | | Husleigetvistutvalet: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med frå kr 40 150 000 til kr 40 963 000 | 813 000 |
| 587 | | Direktoratet for byggkvalitet: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med frå kr 126 248 000 til kr 128 718 000 | 2 470 000 |
| 595 | | Statens kartverk: | |
| | 01 | Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21 og 45</i> , blir auka med frå kr 971 376 000 til kr 1 059 934 000 | 88 558 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01 og 45</i> , blir redusert med frå kr 368 562 000 til kr 359 736 000 | 8 826 000 |
| 2412 | | Husbanken: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med frå kr 384 178 000 til kr 396 762 000 | 12 584 000 |
| | 90 | Nye lån, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 25 525 000 000 til kr 24 446 000 000 | 1 079 000 000 |

Inntekter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|------|------|--|---------------|
| 3595 | | Statens kartverk: | |
| | 02 | Sal og abonnement m.m., blir auka med frå kr 157 360 000 til kr 181 868 000 | 24 508 000 |
| | 03 | Samfinansiering, blir auka med frå kr 204 439 000 til kr 244 265 000 | 39 826 000 |
| 5312 | | Husbanken: | |
| | 90 | Avdrag, blir redusert med frå kr 14 160 000 000 til kr 13 002 000 000 | 1 158 000 000 |
| 5615 | | Husbanken: | |
| | 80 | Renter, blir auka med frå kr 7 009 000 000 til kr 7 118 000 000 | 109 000 000 |
| 5635 | | Electronic Chart Centre AS: | |
| | 85 | Utbytte, blir redusert med frå kr 3 000 000 til kr 2 389 000 | 611 000 |

II**Stikkordsfullmakt**

Stortinget samtykkjer i at Kommunal- og distriktsdepartementet kan føye til stikkordet «kan overførast» til kap. 571, post 64 Skjønstillskot.



